

Landsomfattande tilsyn 2012

Kvart år gjennomfører vi landsomfattande tilsyn på dei ulike tenesteområda våre. Når eit tilsyn er landsomfattande, blir det gjennomført i alle fylka. Tilsyna blir gjennomførte etter ein felles rettleiar for å sikre at tema er like, og at dei blir utførte på same måten, og for å sikre at funna blir vurderte på same måten.

Planen for landsomfattande tilsyn omfattar i 2012:

Barnevern

I 2011 blei det gjort eit landsomfattande tilsyn med korleis barneverntestene i kommunane arbeider med undersøkingar og evaluering av hjelpetiltak til barn som bur heime. Fylkesmannen undersøkte om kommunane styrer og kontrollerer at undersøkingar og evaluering av hjelpetiltak blir gjorde slik at barn og unge får den hjelpa og omsorga dei treng til rett tid. Dei såg vidare på om barna blir sikra rett til å medverke, det vil seie til å bli informerte og til å uttale seg i si eiga sak. Tilsynet i 2011 omfatta eit avgrensa tal kommunar

(sjå nærare omtale i artikkelen på side 11-12). Tilsynet skal først vidare i nye kommunar i 2012.

Sosiale tenester i Nav

Som i 2010 skal Fylkesmannen i 2012 gjennomføre landsomfattande tilsyn med korleis kommunane forvaltar økonomisk sosialhjelp. Denne gongen skal tilsynet også undersøkje om kommunane gjennom styring sikrar at Nav-kontoret tar omsyn til om det er barn i husstanden, og tek hand om dei behova barna har, i samband med søknad om økonomisk sosialhjelp. Dette skal Nav-kontoret gjere når det kartlegg søknader, og gjennom dei individuelle vurderingane som blir gjorde.

Helse- og omsorgstenester i kommunane

Fylkesmannen skal i 2012, som i 2011, føre tilsyn med tvungen helsehjelp etter pasient- og brukarrettslova kapittel 4A.

Det er strenge vilkår for å gi helsehjelp til ein pasient som motset seg hjelp. Regelverket skal sikre nødvendig helsehjelp for å hindre vesentleg

helseskade på pasientar som ikkje har samtykkekompetanse, og som motset seg helsehjelpa.

Tilsynet skal undersøkje om kommunane følgjer krava i lovverket om å vurdere samtykkekompetanse hos pasientane, om det er prøvd med tillitsskapande tiltak før tvungen helsehjelp blir gjennomført, om nødvendige helsefaglege vurderingar er gjorde, om det er fatta vedtak når det skal ytast tvungen helsehjelp, og om tvungen helsehjelp blir vurdert heile tida.

Spesialisthelsetenester

I spesialisthelsetenesta skal det i 2012 gjennomførast tilsyn med om helseføretaka gjennom systematisk styring sikrar at tilvisingar av pasientar med mistanke om kreft i tjukktarm eller endetarm blir handsame og vurderte på ein forsvarleg måte, og med at helseføretaka på ein fagleg forsvarleg måte tek hand om vidare utgreiing og diagnostisering fram til behandlinga tek til.



Frå 1. januar 2012 blir Helsetilsynet i fylket teke bort som eigen instans.

Fylkesmannen har frå same dato mynde til å utføre tilsyn med barneverntenester, sosiale tenester i Nav, kommunale helse- og omsorgstenester og spesialisthelsetenester.

I tillegg til dei områda der Fylkesmannen er utøvande tilsynsorgan, utfører Statens helsetilsyn sjølv tilsyn på somme område. Dette gjeld tilsyn med blodbankar, med einingar som handterer humane celler og humant vev, med helsetenester til militært personell i utlandet og med medisinsk og helsefagleg forskning.